

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr.

Fylke: Hordaland.

Tilleggsspørsmålnr. 36.

Herad: Lindås.

Emne: Helsing, fakter og åtferd.

Bygdelag: Indre- Nordhordland.

Oppskr. av: Martin Toft.

Gard: Toft.

(adresse): Askelandsvåg.

G.nr. 18, Br.nr. 5.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Måtar å refsa folk på.

A. Ved ymse høve.

1. Ein minnest at dei skar ein "holme" i åkeren og skar forbi den som skar i seinste laget.
2. Ein veit ikkje om noko slikt her.
3. Det veit ein heller ikkje noko om.

B. Ved å setja namn på folk.

4. Veit ikkje noko namn på slike som gjekk på vitjing juledag.
5. Om slike som ikkje fekk noko nytt til jul sa dei:
" ~~Hxxxxlytxgxxxx~~ " Han lyt ga me bokkahødn i revæ".
6. Var det noken som var for seint ute og av den grunn gjekk glipp av noko, så sa dei : " Han æ lik han Per i vår ~~fi~~je, han kom allti forseint". "Han er ein klure" † d. v.s. ein som ingen ting får til. I vidare tydnad : "Han æ ein trave" † "Han æ ein ge larkje" -ein som det ikkje er noko tiltak i. Ei fatig dugløyse: "ein lusalarke, lusapong (lusapong), flu- (fly) pong,